

Frå Allheims høge truna.

Frå Allheims høge truna, frå Himlens prakt og fagerdom.

Frå spir og kongekruna, Du Livsens hovding til oss kom.

Du var din Faders like i æra, makt og glans.

I Herlegdomens rike Du sat ved sidahans.

Den store englevrimlen i vyrdnad bøygde seg,

og fyllte heile Himlen med hyllingskvad til Deg.

I kjærleik og i lydnad, Du tok ein tenarskapnad på.  
La av Deg all din prydnad. Som lite barn Du let Deg sjå.  
I stallen, sveipt i klutar, dei fann deg jolenatt.  
Med høy og strå til putar. Du, Himlens dyre skatt.  
Og innved Deg, på pallen, der sat ei fatig mor.  
Men over ~~Men~~ stallen skein kongestjerna stor..

I Auster vise menner, med undring denne stjerna ser.  
Dei varselbodet kjenner! No Guds Messias komen er.  
Og same sterke trongen dei alle kjenner på:  
Den store Jødekongen, han må dei av og sjå.  
Dei fyrst - på villstig dregne - kom til Jerusalem.  
Men sidan, hjartans fegne, dei fann til Betlehem.

Til hyrdingmenner, arme, ein fredens engel kom frå Gud.  
Med kjærleiks hjartevarme, i Himlens kvite tenarskrud.  
Dei redde menn han helsa, so himmelsæl og glad:  
I dag er fødd ein Frelsar i kongen Davids stad.  
Då, frå dei høge himlar der høyrdest jubelsong.  
Ein her av englar vrimalar kring Betlehem hin gong.

So gjekk Du lidingsvegen, av eigen hug, til Golgata.  
Og vart i domen slegen. Strauk ut vår skuld. Halleluja.  
Me var i syndi selde. Du vann oss med ditt blod.  
Og dødens sterke velde vart knust, då opp Du stod.  
No synd og død må vike når til din kross me dreg,  
og nådens Himmerike me vinn i tru på Deg.

Frå millionar munnar no lyder bøn og takkesong,  
or inste hjartegrunnar, fordi Du frelste oss hin gong.  
Kom, still Du hjartegråten, når folk omvender seg,  
og syn oss beste måten me her kan tena Deg.  
Styr all vår ferd og snunad mot Himlens ljose land,  
til me vår kroningsbunad får av di eidi hand.

Johs.M.L.Rydland.